

Plan for håndtering av lakselus (IPM)


Formål

Planen beskriv kontroll, bekjempelse og førebygging av lakselus i Lingalaks sine anlegg.

Oversikt over planverk for handtering av lakselus

1	Prosedyre for lusetelling og krav til behandling og samordning (Dok.id: 667)
2	Avlusingsplan vert utarbeida for kvar lokalitet i forkant av utsett, og oppdatert minimum kvart halvår. Planen syner strategi for val av behandlingsmetode. Lingalaks nyttar i hovudsak ikkje-medikamentelle behandlingsmetodar.
3	Samordna tiltak mot lakselus , i regi av fiskehelsenettverka vert det årleg utarbeida ein felles plan for bekjempelse av lakselus i Hardanger (HFN) og Nordhordland (NFN). Avtalen i fiskehelsenettverka sikrar koordinert bekjempelse av lakselus, anbefalingar og behandlingsprinsipp. Gjennom fiskehelsenettverka er det etablert koordinerte brakkleggingssonar. Samordna plan for lakselus er binande og vert sendt til Mattilsynet.
4	Helse- og velferdsplan (VHP) – operativ plan med rammar for korleis fiskehelsearbeidet skal sikre god helse og velferd hjå laks og rensefisk. Planen vert utarbeid på selskapsnivå, med lokalitetsspesifikke tiltak i tilhøyrande plan (generasjonsmål).
5	Utsettsplan rensefisk – utarbeida i forkant av kvart utsett, og omhandlar detaljar rundt tid, antall, art og lokalitet.
6	Interne prosedyrer for behandling av lakselus – både ikkje medikamentell og medikament. Prosedyrene skal sikre trygg, skånsam og effektiv behandling.

Norheimsund, 06.juni 2023



Birgit Lilleveit Kvåle
Fiskehelse- og kvalitetskoordinator